



Årsmelding 2017

Det har vore eit aktivt år. Mange har vore engasjert i alle aktivitetene.

Årsmøte vart halde 27. februar 2017. Der vart Aslaug Haugland valgt til leiar og Jostein Hove-Henriksen fortset som sekretær. Anne Karin Bognøy ny nestleiar, Jostein Haugland 1.vara og Signy Skintveit 2. vara. Shirley Røssland sit i styret som kasserar.

Ingen valkomité for 2017.

Vår eige side på facebook er svært populær. Den heiter Sjursehusets venner og er svært godt besøkt. Her legg vi ut informasjon om alle våre aktivitetene.

Kommunen er informert om at vindu i gavlen på Sjursehuset må skiftast og ytterdør skiftast eller reparerast. Sjursehuset vart malt hausten 2017. Mental helse Meland er glade for at dette vart gjort.

Vi har røyrslahemma medlemmar og treng å få laga ein rampe fram til inngangsdør.

Det er nedsatt ei hagegruppe som skal planlegge korleis vi kan få hagen attende slik den eingong var. Det har vore nokre dugnader i hagen men vi venter på meir praktisk hjelp frå kommunen for å få fortgang i arbeidet. Vi skal samarbeide med kommunen om å laga popuphage.

Kommunen ved Eirik Utne er svært interessert og vil hjelpe oss med det formelle og gode kontaktar.

Aktivitetar:

Det vart halde sommarfest på Sjursehuset 20.juni kl.17.00-20.00. Flott arrangement til ca. 25 personar.

Det har vore tirsdagskafe i oddetalsveker. Mellom 10-18 personar har vore innom og fått seg eit godt måltid mat. Vi har hatt nokre spelekvelde. Praten går som oftast livleg og stemningen er høg.

Strikkeklubb mandager i partalsveker.

Syklubb kvar torsdag kl.11.-14.00.

Handverksbutikk siste laurdag i kvar månad kl.11.-15.00.

26.-27.august deltok vi med stand på kystsogedagane i Meland. Flott ver og stor suksess. Omsetnad kr. 12.500,-.

Med hausten kom basaren på Nordgardsløa 07.09.17. Godt frammøte. Godt loddosal og masse fine gevinstar. Sagstad skulekorps deltok med flott musikk. Vi serverte heimelaga kaker og kaffe.

Dagstur til Voss laurdag 23.september. Flott tur med nydeleg ver. Mental helse Meland betalte togbillettane til dei påmeldte.

Verdensdagen vart markert 10.10. Anne Karin og Kåre delte ut kaffi, kjeks og brosjyrar.

Om kvelden kl.18.00 hadde vi festmiddag på Sjursehuset. Kinamat til 25 personar.

Salsmessa var i år frå torsdag 23.11. til laurdag 25.11. Den var svært godt besøkt og vi hadde masse fint handarbeid/lefser til salgs. Det blei omsett for over kr. 35.000,-.

Julemiddagen var i Nordgardsløa den 09.12.17. Vi var totalt 54 personar som hygga oss med velsmakande mat. Det vart servert pinnekjøtt og svineribbe med alt det som høyrer til. Multekrem og fromasjer til dessert, samt kake og kransekake. Vi hadde utlodning av gåver på inngangsbilletten. Vi var så heldige å ha Ruth Bakke på piano og Mette Eknes på flygelhorn. John Nikolaisen spelte munnspel. Nydeleg underhaldning.

Eit travelt, innhaldsrikt og strålande år.

Arlaug Haugland
Anne-Karin Bognacy
Shirley Helen Rossland
Yostin Haugland
John Kåre Karan

